

## Entreprenørskap – den raude tråden

Entreprenørskap er ikkje eit fag, men snarare å dyrke ei positiv haldning til å sjå moglegheitene i lokalsamfunnet og omrisset av eigne ibuande krefter. Entreprenørskapsarbeidet i skulane skal gje elevane praktisk røynsle med kreativitet, innovasjon og drift av elevverksemdar. Det er med på å gjere skuletida meir pulserande, mellom anna gjennom årlege entreprenørskapsmesser. Vi har det høgste talet elevverksemdar og partnerskapsavtaler med næringslivet av alle fylka.

Du kan bli med på dette laget. Velkommen til Sogn!



### For meir info:

Sogn regionråd:

[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no) eller sjå nettsidene til regionrådskommunane Aurland, Lærdal, Sogndal, Luster, Leikanger, Balestrand og Vik.

Sjå spanande studietilbod for lærar- og førskulelærarutdanning hjå Høgskulen i Sogn og Fjordane [www.hisf.no](http://www.hisf.no)

Interessant informasjon om arbeidsmarknaden finn du også på [www.framtidsfylket.no](http://www.framtidsfylket.no)



## SOGN REGIONRÅD

Postboks 153, 6851 Sogndal  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)  
Prosjektleder Claus Røynesdal  
95 47 20 49  
e-post: [claus.roynesdal@sogndal.kommune.no](mailto:claus.roynesdal@sogndal.kommune.no)



# Sogn og Fjordane - det beste skulefylket i landet

Bli pedagog i Sogn!



SOGN REGIONRÅD

## Res, non verba

Det latinske ordtalet "Handling, ikkje ord" oppsummerer kvifor Sogn og Fjordane er blant dei beste skulefylka i landet. Sidan innføringa av nasjonale prøver og brukundersøkingar, viser desse resultatane at vi er på pallen kvart år. Vi sigrar ved å dele, vi blir gode gjennom samarbeid og samhandling. Vi har eit systematisk samarbeid mellom kommunane, regionråda, fylkeskommunen, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, Utdanningsforbundet og Ungt Entreprenørskap.

### Grunnen til at vi er på topp er:

- systematisk samarbeid mellom alle aktørane innan skule- og barnehage
- gjennomgåande satsing på etter- og vidareutdanning av pedagogisk personale
- utvikling av regionale fagnettverk for dei ulike fagområda i skulen
- gjennomgripande regionalt samarbeid på skuleutvikling
- utstrekt satsing på entreprenørskap og partnerskapsavtaler mellom skular og næringsliv

Vidare gjer trygge oppvekstmiljø, gode idretts- og kulturtilbod samt eit mangfold av friluftslivsaktivitetar i eit av dei vakraste fylka i landet at barn og vaksne trivst.

### Bli pedagog i Sogn!

"Sats på skulen – snu Sogn" er Sogn regionråd sitt overordna skule- og samfunnsutviklingsprosjekt for perioden 2006 – 2012. Skulesatsinga står på tre bein; leiarutdanning, fagnettverk for lærarar og utvikling av rolla kommunane har som skuleeigar. Vi har 23 ulike nettverk frå barneskulen til og

med vidaregåande skule. Sidan 2007 har vi utdanna 50 rektorar, rådgjevarar, inspektørar og lærarar med 30 studiepoeng i leiing. I Sogn får du dermed gode moglegheiter til fagleg og personleg utvikling, mellom anna gjennom deltaking i regionale fagnettverk. Slike nettverk er med på å forklare kvifor til dømes Balestrand kvart år er blant dei beste kommunane

i landet, og at Kaupanger skule i Sogndal kommune vann HM Dronning Sonja sin skulepris i 2010. Det handlar om å skape kulturar for utvikling og læring.

### "Sats på barnehagen – snu Sogn"

Gjennom delprosjektet "Sats på barnehagen – snu Sogn" skal vi utvikle regionale fagnettverk for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen. Vi skal utvikle kommunane si rolle som barnehageeigarar, og vi er i ferd med å gjennomføre første kull med leiarutdanning for styrarar og pedagogiske leiarar i dei kommunale og private barnehagane i Sogn. Av dei 27 000 førskulelærarane i landet, er det 1% som har

formell utdanning i leiing. Etter to kull à 35 deltakarar vil om lag 80% av førskulelærarane våre ha slik leiarutdanning. Satsing på kvalitetsutvikling av barnehagen fordrar satsing på personalet.

Som det einaste regionrådet i landet, har vi saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet og NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane inngått ein partnerskapsavtale. Vi skal løyse utfordringane i Stortingsmelding 41 Kvalitet i barnehagen gjennom å styrkje barnehagen som læringsarena, og skape eit meir inkluderande arbeidsliv.

